



BØMLO KOMMUNE
KULTURADMINISTRASJON
Rådhuset Leirdalen 1
5430 BREMNES

Dato: 24.05.2017
Vår ref.: 2017/877-8
Saksbehandlar: solrong
Dykkar ref.:

Vedr. søknad om tilskot til større prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne - Sökkamyro - Bømlø kommune - Avslag på søknad om tilskot

Me viser til dykkar søknad av 31.03.2017 om tilskot til tilretteleggingsprosjektet «Sökkamyro» i Bømlø kommune.

Hordaland fylkeskommune lyste 30.januar 2017 ut kr 400.000,- i tilskotsmidlar til **større** prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne. Jamfør utlysinga publisert på nettsidene til Hordaland fylkeskommune skulle midla tildelast eitt eller maksimalt to større prosjekt innan tilrettelegging og formidling av arkeologise kulturminne på prioriteringslista til BARK. Innkomne søknader vart handsama av utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) i PS 77/2017, 16.mai 2017.

Det kom inn tre søknader til dei utlyste midla, og søknadene vart vurdert opp mot kriteria i utlysinga:

- Fysisk tilrettelegging med fokus på Universell utforming
- Sterke verneinteressar og særskild kulturminneverdi
- Folkehelse
- Samarbeid og heilskapleg planlegging

I tillegg vart det vurdert kor vidt prosjektet var eigna til å vera eit **fyrårnprosjekt** innan tilrettelegging og formidling av kulturminne i Hordaland.

Jamfør vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i sak PS 77/2017, 16.5.2017 vert det gitt **avslag** på søknad om midlar til prosjektet «Sökkamyro» i Bømlø kommune.

Prosjektet har for lite fokus på fysisk tilrettelegging med universell utforming. Trass i at søknaden viser at det omsøkte prosjektet «Sökkamyro» har kvalitetar innan dei fleste kriteria, og at verneinteressene og kulturminneverdien er svært høg, nådde søknaden likevel ikkje opp i konkurranse med prosjekt som var kome lenger i prosessen og hadde større detaljgrad.

Klage

Vedtak om tildeling kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagefrist er tre veker frå søkjaren fekk underretning om vedtaket.

Fylkeskommunen er elles positiv til den aktuelle tilrettelegginga og vonar at det likevel vert arbeidd vidare med prosjektet

Per Morten Ekerhovd
kst. Fylkesdirektør Kultur og Idrett

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.